

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

17. søndag i treeiningstida – 19. september 2021

Preiketekst: Luk 7,11-17

Lesetekst I: 1 Kor 15,35-45

Lesetekst II: 1 Kong 17,17-24

Når Livet møter døden

Preiketeksten for denne søndagen er ei vakker forteljing om Jesu omsorg for dei svake og hans veldige makt over døden.

Dødens følgje

Jesus og disiplane er på veg til Nain. Det var ein liten landsby nokre mil søraust for Kapernaum. Jesus er på vandring i Galilea. Utanfor byen møter dei eit sørgjetog. Guten er truleg nyleg død. Då, som no, var det vanleg å gravleggja dei døde så fort som mogleg.

Ut frå det vi veit om gravferder på Jesu tid, var det vanleg å leggja den døde i ei klippehole. Desse holene kunne innehalda fleire graver og kroppen låg der til berre beina låg att. Deretter blei beina samla og oppbevart. Om dette var neste steg i denne gravferda får vi ikkje vita.

I Det gamle testamentet er enker og farlause dei svakaste i samfunnet. Det vitnar om kor stor tragedia var for mora. I tillegg til sorga over tapet av guten, er også vona om ein forsørgjar når ho blir gammal tatt frå henne.

Livets følgje

Heldigvis kjem eit anna følgje til Nain denne dagen. Vi les at Jesus får inderleg medkjensle med enka. Det greske ordet som blir brukt, *splanchnizomai*, blir elles brukt om den kjærlege faren i Luk 15 og den gode samaritanen i Luk 10. Ordet spelar på det greske ordet for «innvollar» og skildrar ei medkjensle som stikk djupt og som skapar handling. Han som er sjølv Livet får inderleg medkjensle og handlar på dette.

Gud har gjesta sitt folk

Folket sin reaksjon er også verdt å merka seg. Dei innser at Jesus er ein stor profet, ja, meir enn ein profet. Hundrevis av år tidlegare hadde profetane Elia og Elisja gjort liknande under i Israel. Gjennom frelseshistoria er det periodar kor det skjer særleg mange under og teikn. Med Jesus kjem ei ny slik tid og gjennom teikna han gjer, vitnar Jesus om kven han er.

Haustens oppstodedag

Denne søndagen er frå gammalt av ofte kalle «haustens oppstodesøndag». Preiketekstane handlar alle om Jesu makt over døden og at han kan vekka opp død. Slik blir det ei påminning om livets makt på eit tidspunkt av året der naturen så smått byrjar å visa teikn til at sommaren er på hell. Slik blir teksten på alle måtar ein påminning om at Jesus kjem med livets ord i ei verd prega av død.

Og det er nettopp eit ord som skal til. Jesus talar og guten blir levande. Dette er eit gjennomgangstema i Bibelen. Midt inn i ein situasjon prega av død og vonløyse, kjem det livgjevande gudsordet og skapar liv og glede der det ikkje fanst noko menneskeleg grunnlag for det.

Dette er ein søndag der ein kan forkynne håpet om oppstode og liv. Døden er ikkje siste ord. Guds frelsesplan handlar om ein ny himmel og ei ny jord. Samstundes er det viktig å minna forsamlinga om at vegen til livet alltid må gå om Jesus og hans ord. Ingen kjem fram til livet utan ved Jesus.

Det er også ein tekst som inviterer til å seia noko om Jesu inderlege medkjensle, hans omsorg for dei nedbrotne. Også her vil eg tilrå forkynnaren til å løfta blikket forbi dei sosiale sidene ved dette. Vi skal ikkje la det liggja, men vi må ikkje gløyma at Bibelen på ein særleg måte løfter fram dei med ei «sundbrotten ånd» og «eit sundbrote og knust hjarte» (Sal 51,19).

Knut Kåre Kirkholm

Høgskolelektor og undervisningsleder ved Fjellhaug Internasjonale Høgskole og redaktør av magasinet Fast Grunn

kkirkholm@fjellhaug.no